



MØTEINNKALLING

Utval:	Arbeidsmiljøutvalet
Møtestad:	Teams,
Dato:	06.04.2021
Tidspunkt:	10:00

Utvalsmedlemmane blir med dette innkalla til møte. Den som er vald som medlem av folkevald organ, pliktar å delta i organets møter med mindre det ligg føre gyldig forfall jf. kommunelova § 8-1, fyrste ledd. Eventuelt forfall må meldas snarast til sentralbordet.

Om du vurderer deg inhabil i ei sak, må det meldas frå om dette. Utvalet vil ta standpunkt til spørsmål om habilitet, jf. forvaltningslova. Vararepresentantar møter etter nærmare innkalling.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til handsaming	
PS 6/21	Godkjenning av protokoll frå førre møte	
	Referatsaker	
RS 1/21	Orientering om tilsyn frå Arbeidstilsynet - Legevakt i Seljord kommune	
	Saker til handsaming	
PS 7/21	Avvik som har kome inn	
PS 8/21	Årsmelding for AMU sitt arbeid i 2020	
PS 9/21	Orientering om møte med vernetenesta	
PS 10/21	Orientering om tiltak og risikovurdering rundt vald mot tilsette i kommunen	
PS 11/21	Orientering om framdrift i forprosjekt Flatdal skule	

Saker til handsaming

PS 6/21 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Referatsaker

RS 1/21 Orientering om tilsyn frå Arbeidstilsynet - Legevakt i Seljord kommune

Saker til handsaming

PS 7/21 Avvik som har kome inn



Seljord kommune

Arkiv: 440
Saksnr.: 2021/498-1
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen
Direkte tlf.: 35065130
Dato: 16.03.2021

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	8/21	06.04.2021

Årsmelding for AMU sitt arbeid i 2020

Saksdokument:

Vedlegg:

1 AMU årsmelding 2020

Saksutgreiing:

AMU sitt arbeid i 2020 har også vorte prega av coronapandemien. Fleire møte er gjennomført på Teams, og saker har delvis vore knytt til problemstillingar som er relatert til handteringa av pandemien. Sjukefråværsstatistikk og avvik som har kome inn har vore fast tematikk i alle AMU-møta.

AMU har i 2020 hatt fem møte.

Rådmannen si tilråding:

AMU godkjenner årsmelding for AMU 2020.

Utskrift til:

ARBEIDSMILJØUTVALGETS ÅRSRAPPORT FOR VERNE- OG MILJØARBEIDET ¹

Bedriftens navn:	Seljord kommune		
Driftsår:	2020	Organisasjonsnummer:	964963738
Avdeling:			
Adresse:	Brøløsvegen 13 A		
Antall årsverk:	280	Antall ansatte: ²	445

Om Arbeidsmiljøutvalget (AMU)

Dato for opprettelse av utvalget: ³		Antall stemmeberettigede medlemmer i utvalget: ⁴	6
Leder av AMU:	Finn-Arild Bystrøm/Frid Berge	Antall avholdte møter i AMU siste år:	6

Leder av AMU har vært representert av: ⁵

Arbeidsgiver

Arbeidstaker

Antall AMU-medlemmer som representerer: ⁶

Arbeidsgiver:

3

Arbeidstaker:

3

Vi har følgende underutvalg i virksomheten for behandling av særskilte problemer: ⁷	Ingen
--	-------

Om vernetjenesten i virksomheten

Antall verneombud	9
Navn på hovedverneombudet:	Sigbjørn Tvitekkja

Om opplæring for verneombud og medlemmer i AMU ⁸

Har alle verneombud og medlemmer i AMU fått den nødvendige HMS-opplæring?

Ja

Nei

Oversikt over personer som eventuelt ikke har gjennomgått nødvendig opplæring:	
Øvrig informasjon fra AMU vedrørende opplæring i driftsåret: ⁹	

Saker som er forelagt AMU i rapporteringsåret ¹⁰

Spørsmål som angår bedriftshelsetjenesten og deres tjenester. ¹¹	Bedriftshelsen har bistått kommunen i ulike saker. Det har vore deltaking i AMU, gruppekartlegging i Open omsorg, helseundersøking av tilsette på reinhaldsavdelinga. Brannmannskap og røykdykkarar har gjennomført årlege kontrollar. I tillegg har Bedriftshelsen bistått i arbeidsmijø- og konfliktsaker. Dei har gjort ergonomiske arbeidsplassvurderingar
Spørsmål om opplæring, instruksjon eller opplysningsvirksomhet som har betydning for arbeidsmiljøet? ¹²	
Byggesaker, saker som vedrører endringer i lokaler eller maskiner/utstyr, eller rasjonalisering/ arbeidsprosesser/ arbeidstidsordninger? (jfr.Aml § 18-9) ¹³	0
Tilrettelegging for yrkeshemmede arbeidstakere? ¹⁴	0
Rapport om yrkessykdommer, arbeidsulykker og tilløp til ulykker?	0
Handlingsplaner for bedring av arbeidsmiljøet og sikkerheten?	
Oppdatering og internt tilsyn med virksomhetens internkontroll?	
Øvrige saker som er forelagt amu/ verneombud:	36

Arbeidsulykker og sykdommer ¹⁵

Ant. reg. arbeidsulykker i driftsåret:	0	Ant. reg. tilfeller av arbeidsrelaterte sykdommer i driftsåret:	0
Totalt sykefravær i prosent: ¹⁶	Kommune: 1,31 % eingemeldt, 6,34 % legemeldt. NAV:	Reduksjon/Økning av det totale sykefravær ift. forrige driftsår:	

Brukes denne informasjonen i virksomhetens forebyggende arbeid? Ja Nei

Arbeidstid

Kan virksomheten dokumentere hvor mye overtid som brukes? ¹⁷ Ja Nei

Drøftes arbeidstidsordninger med tillitsvalgte? ¹⁸ Ja Nei

Øvrig vedrørende virksomhetens bruk av overtidsarbeid:

Meirarbeid knytt til beredskapsarbeid i samband med coronapandemien.

Underskrifter

Daglig leder

Navn	
Dato	

Signatur _____

Rapporten er behandlet i AMU

Leder av AMU	
Dato	

Signatur _____

Rapporten er gjennomgått av hovedverneombud /verneombud

Hovedverneombud/ Verneombud	
Dato	

Signatur _____

¹ Virksomheter med 50 ansatte eller mer skal ha AMU. Ved vurdering av plikten til å opprette AMU, skal alle som arbeider minst 20 timer i uken i virksomheten telle med i vurderingsgrunnlaget.

Skjemaet behandles i AMU og tjener som AMU's årsrapport etter arbeidsmiljølovens paragraf 7-2(6). Daglig leder og hovedverneombudet skal undertegne.

Rapporten oppbevares i virksomhetene og skal kunne forevises dersom Arbeidstilsynet ber om det.

² Antall ansatte skal omfatte det antall som jevnlig er tilsatt i virksomheten. Både hel- og deltidsansatte skal regnes med. Ved store sesongsvingninger kan det oppgis et gjennomsnittstall. Gjør i så fall oppmerksom på dette

³ Det lokale arbeidstilsyn skal ha melding når arbeidsmiljøutvalg er opprettet. Hvilke personer som til enhver tid er medlemmer av utvalget skal kunngjøres ved oppslag på arbeidsplassen.

⁴ Det lokale arbeidstilsyn skal ha melding når arbeidsmiljøutvalg er opprettet. Hvilke personer som til enhver tid er medlemmer av utvalget skal kunngjøres ved oppslag på arbeidsplassen.

⁵ Lederen for utvalget velges vekselvis av arbeidsgiverens og arbeidstakernes representanter, Arbeidsmiljølovens § 7-1(4) 2. pkt

⁶ Arbeidsgiveren og arbeidstakerne skal ha like mange representanter i utvalget.

⁷ f.eks. attføringsutvalg / AKAN-utvalg

⁸ Arbeidsgiverne skal sørge for at verneombud og medlemmer av arbeidsmiljøutvalg kan få den opplæring som er nødvendig for at de kan utføre sine verv på forsvarlig måte. (Arbeidsmiljølovens § 6-5(1) 1. pkt).

Opplæringens varighet skal være minst 40 timer. Det kan avtales en kortere opplæring enn 40 timer, dersom partene i fellesskap er kommet fram til at det er forsvarlig ut fra en vurdering av problemenes karakter og omfang.

⁹ Her kan det f.eks. nevnes informasjon som er gitt av Arbeidstilsyn, bransjeforbund, HMS Norge eller andre.

¹⁰ Arbeidsmiljøloven bestemmer at visse saker skal forelegges verneombud og arbeidsmiljøutvalg. De viktigste av disse sakene er nevnt nedenfor.

¹¹ Arbeidsgiverne skal sørge for at verneombud og medlemmer av arbeidsmiljøutvalg kan få den opplæring som er nødvendig for at de kan utføre sine verv på forsvarlig måte. (Arbeidsmiljølovens § 6-5(1) 1. pkt).

Opplæringens varighet skal være minst 40 timer. Det kan avtales en kortere opplæring enn 40 timer, dersom partene i fellesskap er kommet fram til at det er forsvarlig ut fra en vurdering av problemenes karakter og omfang.

¹² Her kan det f.eks. nevnes informasjon som er gitt av Forum for Verneombud og HMS-ansvarlige, bransjeforbund eller andre.

¹³ § 18-9. Den som vil oppføre bygning eller utføre bygningsmessig arbeid som er melde- eller søknadspiktig etter gjeldende plan- og bygningslov og som skal brukes eller ventelig vil bli brukt av virksomhet som går inn under denne lov, har plikt til på forhånd å innhente Arbeidstilsynets samtykke på forhånd.

¹⁴ § 4-6. *Særlig om tilrettelegging for arbeidstakere med redusert arbeidsevne*

(1) Hvis en arbeidstaker har fått redusert arbeidsevne som følge av ulykke, sykdom, slitasje e.l., skal arbeidsgiver, så langt det er mulig, iverksette nødvendige tiltak for at arbeidstaker skal kunne beholde eller få et passende arbeid. Arbeidstaker skal fortrinnsvis gis anledning til å fortsette i sitt vanlige arbeid, eventuelt etter særskilt tilrettelegging av arbeidet eller arbeidstiden, endringer i arbeidsstyr, gjennomgått attføring e.l.

¹⁵ Om virksomheten har lyktes i det forebyggende arbeidet, kan til en viss grad dokumenteres ved skadestatistikker, endringer i sykefraværet, personalomsetning (turnover) og enkelte fratredelsesdata. Slike statistikker og data er spesielt viktige for bedriften og tilsynsmyndighetene.

¹⁶ Arbeidsgiver plikter i dag å registrere det totale sykefraværet i virksomheten. jfr. folketrygdloven.

Det totale sykefravær i prosent= antall fraværsdager x 100 / antall mulig dagsverk

Fraværsdager oppgis kun som hele fraværsdager.

Antall mulige dagsverk finner du ved å multiplisere antall ansatte med antall driftsdager.

¹⁷ Her menes overtid slik det fremgår av arbeidsmiljølovens kap. 10.

Arbeidsmiljølovens krever at arbeidsgiver skal føre lønnslistener som viser overtidstimer per uke og per kalenderår for den enkelte arbeidstaker. Listene skal være tilgjengelige for Arbeidstilsynet og de tillitsvalgte. (§10-7)

Arbeidstilsynet og de tillitsvalgte kan kreve oppgave over antall overtidstimer per dag.

¹⁸ Arbeidsmiljølovens kapittel 10 gir rammer for arbeidstid og tillitsvalgtes rett til drøftinger og forhandlinger om arbeidstiden.

Paragraf 10-3 krever at det skal legges opp en plan for arbeidet som skal vise arbeidstakerens arbeids- og fritid dersom arbeidet skal foregå på forskjellige tider av døgnet. En slik plan skal utarbeides i samarbeid med de tillitsvalgte.



Seljord kommune

Arkiv: X55
Saksnr.: 2021/638-1
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen
Direkte tlf.: 35065130
Dato: 25.03.2021

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	9/21	06.04.2021

Orientering om møte mellom leiargruppa og vernetenesta

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Etter semje i tidlegare møte mellom hovudverneombod (HVO), rådmann og organisasjons- og personalsjef vart det kalla inn til møte mellom kommunen si leiargruppe og vernetenesta i kommunen. Målet for møtet var å bli betre kjende, høyre om kva vernetenesta er opptekne av for tida, orientere om aktuelle saker frå administrasjonen si side og å avtale møtefrekvens framover.

Rådmannen orienterte om årshjul for HMS-arbeidet og viste til intranettets informasjonssider om HMS-relaterte tema. Det vart særleg lagt vekt på vernerundar og risikovurderingar, og understreka at tida for dette er på vårparten, slik at saker som kan få budsjettmessige konsekvensar kan bli meldt inn til budsjettarbeidet som er på hausten.

I tillegg vart Compilo vist fram som verktøy for avviksmeldingar, dokumentbibliotek, årshjul og ROS-analyse.

Det vart semje om at ein skulle jobbe for at vernetenesta fekk møte med rådmannen og leiargruppa to gonger i året. Nest møte blir i løpet av hausten 2021.

Rådmannen si tilråding:

AMU tek orientering om leiargruppa sitt møte med vernetenesta til vitende.

Utskrift til:



Seljord kommune

Arkiv: X55
Saksnr.: 2021/639-1
Sakshand.: Ingeborg Nenseter Jensen
Direkte tlf.: 35065130
Dato: 25.03.2021

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	10/21	06.04.2021

Orientering om tiltak og risikovurdering rundt vald mot tilsette i kommunen

Saksdokument:

Ingen

Saksutgreiing:

Då Midt Telemark kommune i veke 11 opplevde vald mot tilsett ved kommunehuset i Bø, vart kommuneleiinga og mange tilsette i Seljord kommune gjort merksame på denne risikoen. Når ein er skåna for denne typen truslar i det daglege, vert ei slik hending ei påminning om risikoen offentlege personar står i i kraft av tilknyttinga til kommunen.

Seljord kommunehus innførte umiddelbart stengt inngangsdør og registrering av gjester. Kort tid i førevegen var det installert sluse ved sentralbordet som gjer at berre tilsette med kode kjem seg inn utan å bli slept inn av ein tilsett. Dette var det fleire som sette pris på då hendinga i Midt Telemark var eit faktum. Risikoen for vald og truslar gjeld ikkje berre på kommunehuset, men kan også gjelde ulike einingar i kommunen. Frå før veit ein at både helsesenteret, psykisk helse og skule har vore utsett for ubehageleg åtfærd frå publikum, i tillegg til fleire avdelingar ved kommunehuset.

Kommuneleiinga vil saman med vernetenesta innan kort tid gjennomføre ei risikovurdering av scenario knytt til vald og truslar på arbeidsplassen.

Rådmannen si tilråding:

AMU tek orienteringa om tiltak og risikovurdering rundt vald mot tilsette i kommunen til vitende.

Utskrift til:



Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet	11/21	06.04.2021

Orientering om framdrift i forprosjekt Flatdal skule

Saksdokument:

Vedlegg:

- 1 Prosessplan for involvering forprosjekt Flatdal skule - revidert 23.3.2021

Saksutgreiing:

Arbeidet med forprosjekt Flatdal skule er godt i gang. Rådmannen ynskjer med dette å orientere AMU om status for arbeidet. Prosjektleiari vil gi ytterlegare informasjon og svare på spørsmål i møtet.

Tommy Lauvstad blei tilsett som prosjektleiari i eit engasjement frå 1.1. til 17.6.2021. Velferdsutvalet fungerer som ei arbeidsgruppa som får informasjon til kvart møte og mandatet er gitt av kommunestyret:

Skal ein vurdere vidare skulebygg i Flatdal bør det opprettast eit forprosjekt som skal kartleggje og greie ut fleire alternativ knytt til eit langsiktig behov for skulebygg i Flatdal skulekrins. Det bør vere fokus på økonomi, og ein må difor greie ut alternative løysningar.

1. *alternativ - ein grundig vurdering av framtidig bruk av eksisterande bygningsmasse (skule, samfunnshus og barnehage)*
2. *alternativ – nytt skulebygg Det må greiast ut kva innsparingar eit eventuelt nybygg gjev med tanke på ordinær drift inkl. straumforbruk, naudsynt vedlikehald og oppgradering i eit langsiktig perspektiv. Dersom ein går vidare med alternativ 2 bør ein i tråd med mål og strategi i Samfunnsdelen vurdere ulike konsept for bygningsmateriale, energistandard og energi- og oppvarmingskjelder. Eit konsept med tre og plusshus bør difor utgreiast i samband med alternativ 2. Det må som ein forlenging av alternativ 2 greiast ut ulike*

alternativ og plasseringar for bygget. Rådmann vil undersøke ulike finansieringsordningar og skaffe kompetanse gjennom ordningar som Bygg i tre, Klimasats, grønne lån i KLP osv. Det er eit mål at forprosjektet, vil resultere i ein prosjektrapport som gir tydeleg og føreseieleg forslag til investeringar for økonomiplanperioden 2021- 2024. Forprosjektet fordrar at ein får til ein god og grundig involvering og dialog med brukarane av både skulebygg, samfunnshuset og barnehagen, inkludert lag og foreiningar.

Prosjektet vil bli avslutta 17.6.2021 med eit saksframlegg frå rådmannen med tilråding om vidare handtering. Rapporten til prosjektleiar, fagrapportar, planteikningar og andre innspel vil bli lagt med som vedlegg til saka. Prosjektleiar vil også orientere kommunestyret om status for arbeidet i møte 29.4.2021.

Prosjektleiar har så langt arbeid med vurdering av eksisterande bygningsmasse. I dette arbeidet har leiinga ved oppvekstsenteret, tillitsvalde, vernetenesta, tilsette og foreldrerepresentantar fått informasjon og deltatt i arbeidsmøte med prosjektleiar. I den neste fasen vil ein også involvere alle interesserte for innspel og dialog. Det var tenkt eit folkemøte i Flatdal, men noverande smittevernsforskrift fører til at vi må gjennomføre dette i mindre grupper av max 10 deltakarar, med bindande påmelding.

Det er utarbeidd ei tidslinje for å synleggjere framdrift og involvering i prosjektet. Denne tidslinja er lagt med som vedlegg til denne saka.

Rådmannen si tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek orienteringa til vitande.

Utskrift til:

Tidslinje – forprosjekt Flatdal skule våren 2021

Alle datoar er med atterhald om endring/korrigerings undervegs.

Veke	Tiltak	Involverte	Ansvar	Formål
1	Tilsetjing prosjektleiar	<ul style="list-style-type: none"> - Rådmannen - Personal - K-sjef - TV Fagforbundet 	K-sjef	Gjennomføring av k-styrevedtak
2	Møte 11.1.21	<ul style="list-style-type: none"> - Ordførar og varaordførar - Rådmann - K-sjef - Prosjektleiar 	Rådmann	Avklaring av forventningar frå politisk nivå. Gjennomgang av prosjektet.
2	Møte med arbeidsgruppa 13.1.21	<ul style="list-style-type: none"> - Ordførar - Varaordførar - Arbeidsgruppa (Utvalseleiar VFU, pol.repr. opposisjon) 	K-sjef	Avklaring av forventningar frå politisk nivå. Gjennomgang av prosjektet. Status så langt.
3	Drøfting med tillitsvalde og vernetenesta ved Flatdal oppvekstsenter	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektleiar - VO (Ane Flatland) - ATV (Jorun Hegni) - Avklare fagforbundet si rolle 	Prosjektleiar	Forankre prosessen vi skal i gang med. Gjennomgang av tidslinje m.m.
5	Møte med tilsette ved oppvekstsenteret - Gjennomgang av arbeidet så langt	<ul style="list-style-type: none"> - Alle tilsette ved oppvekstsenteret (etter avtale med Pia, Ane og Jorun) - K-sjef - Prosjektleiar + arkitekt - Einingsleiar - Leiar og nestleiar FAU - Leiar og nestleiar i elevrådet 	Prosjektleiar	Innspel til arbeidet vidare.
	Møte med elevrådet	<ul style="list-style-type: none"> - Elevrådet - Rektor - Prosjektleiar - Arkitekt 	Prosjektleiar og einingsleiar	Innspel til arbeidet.

6	Velferdsutval med arbeidsgruppe 11.2.21	<ul style="list-style-type: none"> - Velferdsutval - Ordfører/varaordfører - K-sjef - Prosjektleder 	K-sjef	Status for arbeidet, ev innspel til tidslinje mm.
8	Vinterferie skule			
9-10	Arbeid med delkartleggingar + involvering av foreldrerepresentantar		K-sjef	
13	Påskeferie skule			
16	Folkemøte/innspelsgrupper i Flatdal veke 15-16-17	- Prosjektleder	Prosjektleder K-sjef	Involvering
15	Velferdsutval med arbeidsgruppe 15.4.21	<ul style="list-style-type: none"> - Velferdsutval - Ordfører/varaordfører - K-sjef - Prosjektleder 	K-sjef	Status for arbeidet, ev innspel.
15	AMU 13.4.21	<ul style="list-style-type: none"> - K-sjef - Prosjektleder - AMU 		Status for arbeidet
17	Kommunestyre 29.4.21	- Prosjektleder	Prosjektleder K-sjef	Status for arbeidet, orientere k-styret
?	Utkast frå prosjektleder + arkitekt blir lagt fram	- Alle tilsette	Prosjektleder og arkitekt	Ev. innspel til justeringar som arbeidsgruppa jobbar vidare med.
I løpet av perioden	Involvere SU/SMU og informere FAU	<ul style="list-style-type: none"> - Prosjektleder - Rektor 	Rektor	Ev. innspel til prosjektleder/arbeidet.
22	Velferdsutval 3.6.21	<ul style="list-style-type: none"> - Ordfører/varaordfører - Velferdsutval - K-sjef - Prosjektleder og arkitekt 	K-sjef	Leggje fram rapport, politisk sak med forslag til rehabilitering/nybygg. Innstilling til kommunestyret.
24	Kommunestyre 17.6.21	- Ordfører	K-sjef	Leggje fram rapport, politisk sak

		<ul style="list-style-type: none"> - Kommunestyre - Rådmann - K-sjef - Prosjektleder og arkitekt 		<p>med forslag til rehabilitering/nybygg.</p>
--	--	--	--	--

Kontaktpersonar:

- K-sjef: Ronde Ingeberg Schade
- Prosjektleder: Tommy Lauvstad
- Rådmann: Frid Berge
- Ordfører: Beate Marie Dahl Eide
- Varaordfører og kontaktperson i arbeidsgruppa: Sondre Aasan
- Arbeidsgruppa: Varaordfører, utvalsleder Velferdsutvalet Kjell Hartberg og Carina Thorvaldsen
- HVO: Sigbjørn Tvitekkja
- HTV Utdanningsforbundet: Øyfrid Aufles
- HTV Fagforbundet: Vigdis Øverland
- Einingsleder Flatdal oppvekstsenter: Pia Robertsen Groven
- ATV Flatdal oppvekstsenter, skule: Jorun Andrea Hegni
- VO Flatdal oppvekstsenter, skule: Ane Flatland
- Leder elevrådet Flatdal oppvekstsenter, skule
- Nestleder Flatdal oppvekstsenter, skule
- Leder FAU Flatdal oppvekstsenter, skule
- Nestleder FAU Flatdal oppvekstsenter, skule